



Nils André Kolås
Kolåsvegen 133
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1620 - 19/23001

Saksbehandlar:
Andreas Granli
Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:
21.08.2019

Landbrukssak Gbnr 107//2 Kolås - Landbruksveg - vedtak

Administrativt vedtak. Saknr:

Viser til dykkar søknad om bygging av landbruksveg på gnr/bnr 107/2 i Lindås kommune.

Saksopplysningar:

Søkjjar er heimelshavar til gnr/bnr og vegen skal gå på denne eigedommen. Vegen skal gje tilgang til 100 daa jordbruksareal og 100 daa skog. Det skal byggjast om lag 300 m ny veg i vegklasse 7. Søkjjar vil anlegge massetak til vegen på om lag 1000 m³.

Sakshandsaming:

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter *Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål*, FOR 1996-12-20 nr. 1200, og etter Naturmangfoldlova der vegen kan påverke natur-eller miljøverdier i området.

Vegtrasse val og verdi for jordbruk/skogbruk

Omsøkt veg vert ein del av eit større landbruksvegnett i området. Vegen skal gå frå enden av eksisterande landbruksveg på gbnr 107/2 og vidare i utmarka på eigedomen. Vegen løyser ut ein stor del av utmarka på eigedomen og er av stor verdi for bruk av beiteressursane.

Naturmiljø

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Det er ikkje kjende registreringar av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i planområde.

Kulturminne



Saka vart send til Hordaland fylkeskommune for uttale om kulturminner, svar frå fylkeskommunen:

Vi viser til brev i samband med søknad om bygging av 300 meter landbruksveg, klasse 7. Veggen skal løyse ut utmarka på eigedommen og hovudformålet er jordbruk/beitebruk. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevernet.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med den omsøkte veggen. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av tiltaket søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Landskap og friluftsliv

Veggen vil ikkje påverka landskapsbilete i særleg negetaiv grad. Det er aktiv landbruksdrift i området og gode veganlegg er viktig for drifta. Veggen skal følgje terrenget best mogleg og det vil ikkje bli mykje store skjæringer eller fyllinger. Verdien for friluftsliv er truleg mindre da veggen vil gå gjennom beiteland, i periodar vil den likevel truleg kunne nyttast til fotturar.

Vedtak

Nils Andre Kolås får løyve til å byggje landbruksveg som omsøkt på gnr/bnr 107/2 i Lindås kommune.

Vilkår for løyve:

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet med veggen må alt arbeid stogkast, og Hordaland fylkeskommune varslast (Telefon 55 23 90 00).
- Veggen skal byggast slik kart < med x velteplassar> viser.
- Naboeigendommene skal kunne nytte veggen til å ta ut skog på sine eigendommer. Avtale om leige av veggen kan gjerast dersom uttak vert aktuelt.
- Veggen skal ferdigstillast seinast innan 22.08.2023, ferdigmelding skal sendast til

Landbrukskontoret

Vedtaket er gyldig til 22.08.2022

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan frist for løyve, fell løyvet bort, jf FOR-1996-12-20-1200 § 3-3.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b
Dersom du har spørsmål i saka, ta kontakt Andreas Granli.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Andreas Granli

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Nils André Kolås

Kolåsvegen 133 5955

LINDÅS